



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/176871-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
29.01.2018

### Uttale – Avkøyrsløse – Fv. 394 – Gnr. 245 bnr. 5 – Lindås kommune

Statens vegvesen fekk søknad om landbruksavkøyrsløse 11.10.2017, og utfyllande opplysningar vart mottatt 30.10.2017. Vi var på synfaring 19.10.2017.

#### *Saksgang:*

Før Statens vegvesen handsamar søknaden etter veglova, må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Tiltakshavar har søkt om landbruksavkøyrsløse. Vi treng difor ei avklaring frå kommunen at søknaden er i samsvar med gjeldande arealplan og eventuelt kva lovverk søknaden skal handsamast etter.

#### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

Det er søkt om landbruksavkøyrsløse frå fv. 394 til gnr. 245 bnr. 1 i Lindås kommune. Det er eigar av bnr. 5 som søker avkøyrsløse til sin eigedom. Søklar har lagt ved avskrift etter utskifting i 1957 som dokumentasjon på vegrett. Det er vidare lagt ved kopi av søknad til kommunen om landbruksveg fram til bruket. Det omsøkte veganlegget og avkøyrsløse ligg langs eit vassdrag. Vi stiller kommunen spørsmål ved om dette forholdet krev eigen behandling.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 500. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegransar langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*. Det vil mellom anna seie at avkøyrsløse normalt vert gjeve dersom dei tekniske krav til utforming kan tilfredstillast.

Det er likevel eit mål at tal på avkøyrsløse langs veg skal vere redusert. Vi rår difor generelt til at ein koplar seg på allereie etablerte avkøyrsløse. Vi har vurdert at det er aktuelt for vedkommande eigedom å kople seg på allereie opparbeidd avkøyrsløse lenger nord. Søklar har svart til dette at han ikkje har lukkast med det.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

På synfaring vurderte vi avkøyrslpunktet og vi målte sikta. Det er viktig for oss at eit eventuelt avkøyrslpunkt vert trekt lengst mogleg vekk frå vassdraget. Samstundes er det ei skjering som ligg retning venstre i avkøyrsla og som gjer at vert utfordringar i høve til dei krav vi stiller til sikt. Vi vurderer likevel at ein kan oppnå tilfredsstillande sikt dersom ein utfører siktbetrande tiltak og fjernar terreng i den retninga. Vi vil og stille krav om for- og bakoversikt i avkøyrsla.

**Oppsummert:**

Vi ber om ei avklaring frå kommunen kva regelverk landbruksvegen skal handsamast etter. Vi spør og om tiltaket treng dispensasjon frå gjeldande regelverk når det gjeld avstand frå vassdrag og forholdet til naturmangfaldlova.

Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrsløyve etter veglova dersom våre tekniske krav til utforming vert tilfredsstilt. Eit slikt krav vil mellom anna innebere utbetring av siktforholda på staden. Vi vil også vise til at det er eit krav at eigedomen må opparbeide tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal på eigen eigedom, slik at ein ikkje nyttar fylkesvegen til dette.

Når kommunen har avklart kva saksgang som gjeld, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
SVEIN KVAMME, BEKKJARVIKVEIEN 63 B, 5114 TERTNES